



SKYSS

Skyss@skyss.no

Dato: 19.03.2018

Vår ref.: 2017/2682-86

Saksbehandlar: berkilv

Dykkar ref.:

Endring av namn på busshaldeplass i Årstadveien, Bergen

Fylkeseldrerådet i Hordaland har frå fylkesrådmannen mottatt kopi av det svaret som Skyss har gitt Haraldsplass Diakonale Sykehus (HDS) på sjukehuset sitt ønskje om å få skifta namnet på haldeplassen Statsarkivet til Haraldsplass Diakonale sykehus. (Sak RS 11/18 omgjort til PS 17/18 i fylkeseldrerådet sitt møte den 15.03.2018)

I svaret til HDS blir ønsket om namneskifte ikkje imøtekome.

Sidan fylkeseldrerådet i sitt brev til Skyss av 9/11-2017 (sak PS 40/2017) støtta førespurnaden frå HDS, oppfattar rådet det slik at kopien av svaret frå Skyss til HDS indirekte også er eit svar til fylkeseldrerådet på vårt brev til Skyss.

Fylkeseldrerådet er glad for at Skyss no er i dialog med HDS om å få til ei informasjonstavle på det nye sjukehuset om bussavgangar og dei nærmaste haldeplassane. Det vil vera til god hjelpe for dei som skal reisa frå sjukehuset.

Fylkeseldrerådet er likevel framleis opptatt av at dei som skal til Haraldsplass sjukehus, får god informasjon om kor det er greiest å gå av bussen, og at namnet på haldeplassen nærmast sjukehuset blir endra.

Fylkeseldrerådet er difor ikkje nøgd med grunngjevingane for avslaget om å endra namnet på haldeplassen:

1. Skyss grunngir mellom anna med at namnet Haraldsplass Diakonale Sykehus «er for langt til at vi ville kunne benytte hele navnet». I Fylkeseldrerådet sitt brev av 9/11-2017 foreslår vi å nyttja namnet "Haraldsplass sykehus", som ville bli ei forkorta nemning heilt i tråd med namnet "Haukeland sykehus" ettersom det fulle namnet på Haukeland sjukehus er "Haukeland universitetssykehus". Nemninga Haraldsplass sykehus vil også svara til det namnet som blir brukt blant folk flest.
2. Vidare forklarar Skyss avslaget med at haldeplassen Haukeland sjukehus N "gir de mange reisende til Haraldsplass Diakonale Sykehus et bedre kollektivtilbud." Så vidt fylkeseldrerådet veit, er det for tida berre eit av kollektivtilboda via Haukeland sjukehus N som ikkje også passerer haldeplassen Statsarkivet, nemleg route 12 som går frå Smibergen til Montana og som køyrer over busstasjonen, Florida og Møllendalsveien. Dei andre rutene, nr 2, 3 og 5 køyrer alle om både Haukeland N og Statsarkivet. Fylkeseldrerådet meiner såleis at forskjellen er så liten mellom talet på bussruter til stoppestadene Haukeland N kontra til Statsarkivet, at dét ikkje gir grunn til å avslå å endra namnet på haldeplassen Statsarkivet til Haraldsplass sykehus.
3. Fylkeseldrerådet ser at Skyss i sitt brev er på det reine med at det er mange reisande som skal til Haraldsplass Diakonale Sykehus. Fylkeseldrerådet har den oppfatninga at det såleis vil gi betre informasjon til dei mange reisande om haldeplassen hadde namnet Haraldsplass sjukehus og ikkje

Statsarkivet som no. Det vil truleg også bli fleire reisande som skal til Haraldsplass sjukehus når tilbygget blir opna etter sommaren 2018. Dette skulle såleis tilseia at namnet på haldeplassen burde vera Haraldsplass sjukehus og ikkje Statsarkivet.

4. Skyss viser i svarbrevet sitt også til at ein ved å nytta seg av Skyss sin reiseplanleggjar, som ligg både på nettet og på app, får veiledning i korleis ein skal gå til Haraldsplass sjukehus frå haldeplassen Haukeland N . Til det er å seia at ikkje alle reisande har moglegheit til å gå på nettet eller Skyssappen for å finna ut korleis dei kan reisa og kor dei skal gå av for å koma til Haraldsplass sjukehus. Og det er også slik at Haukeland N ikkje er den nærmeste busshaldeplassen til Haraldsplass sjukehus, noko som jo også blir vedgått i svarbrevet frå Skyss.

Den naturlege staden å gå av bussen når ein skal til Haraldsplass sjukehus og reiser med rutene 2, 3 eller 12, anten ein kjem frå sentrum eller sydfrå, er på haldeplassen som i dag heiter Statsarkivet. Dette blir endå meir det naturlege valet når det nye Haraldsplass sjukehus er ferdig og gangvegen over Møllendalselva til hovudinngangen blir opna att etter sommaren.

Konklusjon

Ut frå det som er sagt ovanfor, meiner fylkeseldrerådet framleis at namnet Statsarkivet ikkje er eit naturleg namn på den haldeplassen som faktisk ligg nærest hovudinngangen til det nye Haraldsplass sjukehus.

Fylkeseldrerådet ber difor Skyss på ny om å endra namnet på haldeplassen nærest HDS frå Statsarkivet til Haraldsplass sykehus.

Med venleg helsing

Kåre Ystanes
Leiar fylkeseldrerådet i Hordaland

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.